



NOBI AS
Brynalii 153
5705 VOSS

Endra løyve etter forureiningslova til drift av avfallsanlegg

Fylkesmannen i Vestland gir NOBI AS endra løyve etter forureiningslova til årleg mottak, lagring og behandling av totalt 5000 tonn betong- og asfaltavfall. Massane kan lagrast i inntil 3 år før dei må nyttast opp att eller attvinnast. Det er sett vilkår til mottak, lagring og behandling av massane.

Dette løyvet erstattar løyvet datert 9. juni 2016.

I brev datert 20. august 2020 har verksemda gitt informasjon om at NOBI Voss AS og NOBI AS fusjonerer. Vi har oppdatert løyvet med nytt namn og organisasjonsnummer per 2. september 2020.

Saksgang

Det har ikkje vore gjennomført høyring av dei nye opplysningane som er kome fram i brev datert 20. august 2020, sidan vi reknar endringane for å være endringar som ikkje påverkar utsleppa frå verksemda.

Fylkesmannen si vurdering og grunngjeving

Generelt

Fylkesmannen meiner å ha tilstrekkeleg informasjon for å kunne fatte vedtak i saka.

Vurderingane som vart gjort i løyvet datert 9. juni 2016 står framleis ved lag. Vi legg difor til grunn at tiltaket ikkje vil føre til nemneverdig skade eller ulempe.

Forhold til plan

I Voss kommuneplans arealdel (2015-2026) er området sett av til råstoffutvinning, og Voss kommune har stadfesta at området er regulert til spesialområde massetak.

Drift av avfallsanlegg

Verksemda får berre løyve til å ta imot, mellomlagre og behandle asfalt og betong som er dokumentert rein. Vidare gir løyvet lov til å drive med knusing totalt 10 dagar per år. Føresetnaden for løyvet er at verksemda driv utan uakseptable utslepp både til vatn, og av støv og støy.

Fylkesmannen vurderer at drifta ikkje vil føre til uakseptable ulemper for miljø og naboar med dei vilkåra som er sett.

Støykrav

Det er sett støygrenser for anlegget. Dei vurderingane knytt til støy som vart gjort i løyvet datert 9. juni 2016 står framleis ved lag.

Vurdering etter vassforskrifta

Tiltak som fører til fare for forureining av vatn skal også vurderast etter vassforskrifta, der formålet er å beskytte og om nødvendig betre miljøtilstanden i elvar, innsjøar, grunnvatn og kystnære område. I databasen Vann-Nett inngår Raundalselva nedstrøms Sarpen med vannforekomstID 062-388-R. I følge databasen er denne vassførekomsten vurdert til å ha svært dårleg økologisk tilstand.

Miljømålet i vassforskrifta er at alle vassførekomstar skal ha minst god økologisk tilstand innan 2021. Ein skal ikkje tillate aktivitetar som gir dårlegare miljøtilstand enn det som vassforskrifta kallar god økologisk tilstand.

Løyvet omfattar ikkje utslepp til vatn. Avfallet som er tillate å ta imot skal vere reint, og skal difor ikkje ha uakseptabel avrenning. Vi vurderer ikkje tiltaket til å gje vesentleg auke i utslepp til elva med dei vilkåra vi har sett i løyvet, og krava i vassforskrifta er derfor ikkje til hinder for å gje løyve etter forureiningslova.

Vurdering etter naturmangfaldlova

Etter naturmangfaldlova § 7 står det at prinsippa i §§ 8 til 12 skal leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av mynde som påverkar naturmangfaldet. Dette inneber at naturmangfaldlova sine prinsipp også må leggest til grunn når ein gjer vurderingar etter forureiningslova.

Fylkesmannen finn ikkje grunn for å endre dei vurderingane som vart gjort etter naturmangfaldlova i løyvet i 2016. I samband med krava Fylkesmannen har sett, vil tiltaket ikkje føre til vesentleg auka utslepp til ytre miljø.

Konklusjon

Vi har vurdert dei forureiningsmessige ulempene opp mot dei samfunnsmessige fordelane. Dersom aktiviteten blir drifta med gode rutinar og i samsvar med utsleppsløyvet, vil miljøforholda bli tilfredsstillande tatt vare på. Fylkesmannen gir difor løyve etter forureiningslova.

Fristar

Tabellen nedanfor gir oversikt over fristar for gjennomføring av tiltak vi har stilt krav om i løyvet:

Tiltak	Frist	Tilvising til vilkår
Sende inn årsrapport for førre år	1.mars kvart år	8.4

Gebyr

Fylkesmannen tek saksbehandlingsgebyr for arbeid med utsleppsløyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gitt i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi tek lågaste sats som er gebyrsats 9, jf. forureiningsforskrifta § 39-4 for denne oppdateringa av løyvet. Verksemda skal betale 6 700 kr i gebyr for løyvet. Gebyrsatsen er vald basert på Fylkesmannens ressursbruk ved behandling av søknaden. Miljødirektoratet sender faktura.

Rettt til å klage

De kan klage på løyvet til Miljødirektoratet. Partane involvert i saka og andre med spesielle interesser kan klage innan tre veker frå de har fått dette brevet, jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage skal vere grunnigitt, og sendast til Fylkesmannen i Vestland.

De kan òg klage på vedtaket om gebyrsats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage skal vere grunnigitt. Send klagen til Fylkesmannen i Vestland.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Toril Marie Mullen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift



Løyve etter forureiningslova til drift av avfallsanlegg for NOBI AS

Fylkesmannen gir NOBI AS løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. §§ 16 og 29. Løyvet er gjeve på grunnlag av opplysningar i søknad av 2. oktober 2015 og opplysningar som kom fram under behandlinga av søknaden. Løyvet gjeld frå dags dato.

Dette løyvet erstattar løyve av 9. juni 2016 (2016.0417.T).

Dersom verksemda ønskjer endringar utover det som vart opplyst i søknaden eller under saksbehandlinga og som kan ha miljømessig verknad, må verksemda på førehand avklare dette skriftleg med Fylkesmannen.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er tatt i bruk innan fire år, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda. Fylkesmannen vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Verksemdsdata

Verksemd	NOBI AS
Besøksadresse	Bjørkemoen
Postadresse	Brynalii 153, 5705 Voss
Kommune og fylke	Voss kommune, Hordaland
Org.nummer (verksemd)	933 896 412
Gards- og bruksnummer	158/3
NACE-kode og bransje	23.610 Produksjon av betongprodukt for bygge- og anleggsverksemd

Referansane til Fylkesmannen

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnummer
2020.0781.T	1235.0075.01	2019/4303

Løyve gitt første gang: 09.06.2016	Løyve sist revidert i medhold av fl § 18 tredje ledd: -	Løyve sist endra: 8.09.2020
Sissel Storebø seksjonleiar		Toril Marie Mulen seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Endringslogg

Endringsnummer	Endringer av	Punkt	Beskrivelse
1	8.09.2020		NOBI Voss AS og NOBI AS har fusjonert. Løyvet er oppdatert med namnet til NOBI AS og organisasjonsnummer 933 896 412

Innhald

1	Rammer for verksemda	4
1.1	Driftstid	5
1.2	Utforming av anlegget	5
2	Generelle vilkår	5
2.1	Utsleppsavgrensingar	5
2.2	Plikt til å halde grenseverdier	5
2.3	Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg	5
2.4	Tiltak ved auka forureiningsfare	6
2.5	Internkontroll	6
2.6	Krav til kompetanse	6
2.7	Plikt til førebyggjande vedlikehald	6
3	Generelle krav til behandling og handtering, inkludert lagring	7
3.1	Mottak og journalføring	7
3.2	Mottakskontroll	7
3.3	Informasjon til kundar	7
3.4	Krav til dekke	7
3.5	Behandling av betong og asfalt	7
3.6	Gjenvinning og bruk av betong og asfalt	8
3.7	Sluttdisponering	8
4	Omsyn til nærmiljø	8
4.1	Generelt	8
4.2	Utslepp til luft	8
4.3	Utslepp til vatn	8
4.4	Grunnforureining og forureina sediment	8
4.5	Støy	9
5	Kjemikal	9
6	Avfall frå drift av anlegget	10
7	Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining	10
7.1	Miljørisikoanalyse	10
7.2	Førebyggjande tiltak	10
7.3	Etablering av beredskap	11
7.4	Varsling om akutt forureining	11
8	Utsleppskontroll og rapportering til Fylkesmannen	11
8.1	Utsleppskontroll	11
8.2	Måleprogram	11
8.3	Kvalitetssikring av målingane	11
8.4	Rapportering til Fylkesmannen	12
9	Utskifting av utstyr	12
10	Eigarskifte	12
11	Nedlegging	12
12	Tilsyn	13
1	VEDLEGG 1	14
	Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1	Feil! Bokmerke er ikke definert.
2	VEDLEGG 2	16
	Definisjonar	16

1 Rammer for verksemda

Løyvet gjeld forureining frå mottak, lagring og behandling av betong og asfalt. Ved auke av behandla eller lagra mengde ut over rammene i løyvet skal verksemda søke om endring av løyvet, sjølv om utsleppa ligg innanfor dei fastsette grensene.

Liste over avfallsfraksjonar og aktivitetar som er omfatta av løyvet går fram av tabell 1.


Tabell 1: Avfallstypar med tilhøyrande aktivitetar, lagringsmengder og lagringstider som er omfatta av løyvet

Type avfall	Aktivitet	Maksimal total lagringsmengde	Maksimal årleg mengde mottatt	Maksimal lagringstid
Betong*	Knusing, omlasting og mellomlagring	5000 tonn	5000 tonn	3 år
Asfalt utan tjære*				

*Løyvet gjeld berre reine fraksjonar utan fuger, puss og maling. Konsentrasjonen av tungmetall, PCB, PAH og olje skal ikkje overstige normverdiane for forureiningsforskrifta kapittel 2, vedlegg 1.

Mengda avfall som verksemda lagrar skal til ei kvar tid vere avgrensa til det som kan lagrast på ein forsvarleg måte etter krava i dette løyvet. Krav til lagring er nærare omtalt i punkt 3.4 i løyvet.

Figur 1 viser kart over anleggsområdet. Aktivitet knytt til løyvet til mottak, mellomlagring og behandling skal gå føre seg på området som vist i figuren.



Figur 1: Kart over anleggsområdet. Det gule feltet viser område for mottak, lagring og knusing av avfallsmassane.

Vedlegg 2 viser ei liste over definisjonar brukt i løyvet.

1.1 Driftstid

Løyvet gjeld for ordinær drift mellom kl. 07.00 og 16.00 måndag til fredag. Drift er ikkje tillate på laurdagar, sundagar eller offentlege heilag- eller høgtidsdagar.

Drift inkluderer også all handtering av containarar eller anna verksemd som fører til støy.

1.2 Utforming av anlegget

Verksemda skal utforme alle bygningar, gjerder, dekke og liknande etter gjeldande lovverk og reguleringsføresegner, og eventuelt andre planføresegner for området.

Handtering av avfall skal skje på område som er utilgjengeleg for uvedkommande. Verksemda skal best mogleg skjerme bustader, nærområde og offentleg veg for skjemmaende innsyn.

Det skal ved behov etablerast avskjerande overvassgrøfter for å hindre at overvatn kjem inn på avfallsanlegget.

Nærare krav til utforming er spesifisert under punkt 3 og 4.

2 Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst miljømessig verknad, er uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart framlagt i samband med saksbehandlinga eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppført i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram uttrykkeleg av vilkåra i løyvet eller dei er så små at dei må reknast for å vere utan miljømessig verknad.

2.2 Plikt til å halde grenseverdier

Alle grenseverdier skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som følgjer av normal drift i ein slik grad at dei kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, under dette utslepp til luft, vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å

redusere sine utslepp, under dette støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkeleg grenser for i vilkår i løyvet.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengd, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået som er lagt til grunn i samband med saksbehandlinga, føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

2.4 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren, under dette om nødvendig, å redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessige følgjer. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 7.4.

2.5 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift¹. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krav i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda skal alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining, og skal kunne gjere greie for risikoen for forureining.

2.6 Krav til kompetanse

Verksemda plikter å sjå til at anlegg og installasjonar blir drive av personar med nødvendig opplæring og kompetanse. Dette skal dokumenterast.

Verksemda skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å vurdere miljørisiko ved verksemda.

2.7 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan verke inn på utsleppa. System/rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert, jf. internkontrollforskrifta § 5 punkt 7².

¹ Systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemdar (Internkontrollforskrifta)

² Systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemdar (Internkontrollforskrifta)

3 Generelle krav til behandling og handtering, inkludert lagring

3.1 Mottak og journalføring

Alt avfall av betong og asfalt som verksemda tar imot ved anlegget skal journalførast. Journalen skal innehalde mengde (vekt), type, dato for mottak, og tilvising til dokumentasjon på at avfallet er reint, jf. punkt 3.2. Mengder og leveringsstader for avfall ut frå anlegget skal journalførast. Journalane skal vere lett tilgjengeleg ved kontroll og skal oppbevarast i minst 3 år.

På bakgrunn av journalen skal verksemda sikre at det er balanse mellom avfallsmengder inn til og ut av anlegget, og avfall på lager.

3.2 Mottakskontroll

Verksemda skal ha rutinar for mottakskontroll for å sikre at avfallet som kjem inn til anlegget ikkje inneheld framandelement som til dømes fugemasse, maling og isolasjon. Rutinane skal også hindre innblanding av ulovleg avfall og at ulovleg avfall som kjem inn på anlegget blir sortert ut og levert til anlegg med løyve til å ta imot slikt avfall.

Ulovleg avfall som kjem inn skal registrerast som avvik. Mottakskontrollen skal også omfatte et aktivt system og rutinar som hindrar at slike forhold gjentar seg.

Før mottak av betong skal det dokumenterast at betongen er rein ved framlegging av miljøkartlegging i samsvar med teknisk forskrift til plan- og bygningslova § 9-7.

All returafalt skal kontrollerast for å sikre at anlegget berre tar imot asfalt som er fri for tjære. Før mottak av asfalt som er eldre enn 1970 skal det dokumenterast at asfalten ikkje inneheld tjære.

3.3 Informasjon til kundar

Verksemda skal informere alle kundar om kva for avfallstypar og fraksjonar som er tillate levert til anlegget.

3.4 Krav til dekke

Rein betong og asfalt skal minst lagrast på køyresterkt dekke. Området må vere godt drenert og avrenning må i størst mogleg grad samlast opp.

Verksemda må gjennomføre regelmessig inspeksjon og vedlikehald av dekke.

3.5 Behandling av betong og asfalt

Knusing av betong og asfalt skal ikkje føre til urimelege ulemper for omgjevnaden. Knusing skal gå føre seg på kortast mogeleg tid og dette arbeidet kan utførast i til saman maksimalt 10 dagar per år. Når verksemda skal knuse betong og/eller asfalt skal næraste naboar varslast i god tid.

3.6 Gjenvinning og bruk av betong og asfalt

Verksemda skal leggje til rette for høgast mogleg grad av sortering og gjenvinning av alt avfall.

Bruk av betong skal skje i samsvar med Miljødirektoratet sitt faktaark M-14 | 2013. Når forskrift om handtering av betongavfall er vedtatt, så er det krava i forskrifta som vil vere gjeldande for disponering av betongavfall. Plast og armering i betong skal fjernast før ombruk.

Bruk av avfall inkl. asfalt må skje innanfor rammene av forureiningslova, jf. §§ 7 og 32.

3.7 Sluttdisponering

Betong som ikkje kan gå til gjenvinning eller nyttig formål i tråd med faktaark M-14 2013 eller ny forskrift om bruk av betongavfall må leverast til godkjent mottak.

Betong som blir klassifisert som farleg avfall er ikkje omfatta av dette løyvet og må eventuelt handterast i samsvar med avfallsforskrifta kapittel 11 vedlegg 2.

4 Omsyn til nærmiljø

4.1 Generelt

Avfallet skal behandlast, handterast og lagrast slik at det ikkje er skjemmande eller fører til fare for støv, forureina avrenning eller anna forureining eller ulemper for omgjevnadane. Om naudsynt må verksemda sette i verk tiltak.

Nærare krav er omtalt under punkt 3.

4.2 Utslepp til luft

Verksemda skal drive slik at støv ikkje fører til nemneverdig skade eller ulempe for naboar og miljø.

Verksemda må kunne dokumentere kva slags vurderingar og tiltak dei har gjort for å minimalisere utslepp av støv, jf. punkt 7.1, 7.2 og 8.

4.3 Utslepp til vatn

Verksemda skal ikkje ha utslepp til vatn som kan føre til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet. Avrenning skal om naudsynt handterast.

4.4 Grunnforureining og forureina sediment

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan føre til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

Verksemda pliktar å halde kontinuerleg oversikt over eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet og forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreining, og om det

er trong for granskingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk granskingar eller andre tiltak, skal Fylkesmannen varslast om dette.

Graving, mudring eller andre tiltak som kan påverke forureina grunn eller forureina sediment, må ha løyve etter forureiningslova, ev. godkjenning frå kommunen³ eller Fylkesmannen⁴.

4.5 Støy

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje bryte følgjande grenser, målt eller rekna ut som fritt feltsverdi ved mest støyutsette fasade:

Kvardagar	Laurdagar	Sun- og heilagdaggar	Kveld (kl. 19–23), kvardagar	Natt (kl. 23–07), alle døgn	Natt (kl. 23–07), alle døgn
55 Lden	50 Lden	45 Lden	50 L _{evening}	45 L _{night}	60 L _{AFmax}

Lden er A-vega ekvivalent støynivå for dag/kveld/natt med 10 dB/5 dB tillegg på natt/kveld.

L_{evening} er A-vega ekvivalent støynivå for kveldsperioden 19–23.

L_{night} er A-vega ekvivalent støynivå for nattperioden 23–07.

L_{AFmax} er A-vega maksimalnivå for dei 5–10 mest støyande hendingane innanfor perioden, målt/rekna ut med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Verksemda skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå verksemda si ordinære verksemd, inkludert intern transport på verksemdsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette er likevel ikkje omfatta av grensene.

5 Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukt i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal, til dømes groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel for å hindre brann.

For kjemikal som blir brukt på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemda dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøegenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.5 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Verksemda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som blir brukt, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemda å bruke desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.⁶

³ Forureiningsforskrifta kapittel 2 om opprydding i forureina grunn ved byggje- og gravearbeid

⁴ Forureiningsforskrifta kapittel 22 om mudring og dumping i sjø og vassdrag

⁶ Produktkontrolllova § 3a

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillas og seljast, eller bli brukt utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket⁵ og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

6 Avfall frå drift av anlegget

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følgje av verksemda. Særleg skal verksemda prøve å avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet mest mogleg.

Verksemda pliktar å sørgje for at all handtering av avfall, under dette farleg avfall, skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova, under dette avfallsforskrifta⁸.

Avfall som oppstår i verksemda, skal verksemda prøve å bruke på nytt i produksjonen sin eller i andre sin produksjon, eller – for brennbart avfall – prøve å utnytte det til energiproduksjon internt/eksternt. Slik utnytting må likevel skje i samsvar med gjeldande reglar fastsett i eller i medhald av forureiningslova og krav fastsett i dette løyvet.

7 Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

7.1 Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av verksemda si. Verksemda skal vurdere resultatane med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggjast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle tilhøve ved verksemda som kan føre til forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på område til verksemda eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjonstilhøve skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Verksemda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

All behandling og handtering, inkludert lagring, av avfall, avfallsaktivitetar og –typar skal vere basert på risikovurdering.

7.2 Førebyggjande tiltak

På basis av miljørisikoanalysen skal verksemda setje i verk risikoreduserande tiltak. Både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Verksemda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

⁵ Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og avgrensing av kjemikal (REACH)

⁸ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall

7.3 Etablering av beredskap

Verksemda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sette i verk, om nødvendig, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining.

Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til ei kvar tid representerer.

Verksemda skal øve på beredskapen mot akutt forureining minimum ein gong per år.

7.4 Varsling om akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift⁶.

Verksemda skal også så snart som mogleg varsle Fylkesmannen gjennom

fmvlpost@fylkesmannen.no i slike tilfelle.

8 Utsleppskontroll og rapportering til Fylkesmannen

8.1 Utsleppskontroll

Verksemda skal ha oversikt over samtlege utslepp frå anlegget og skal gjennomføre målingar av utslepp til luft, vatn og støy til omgjevnadane. Målingar omfattar prøvetaking, analyse og utrekning.

Målingar skal utførast slik at dei blir representative for verksemda sine faktiske utslepp og skal som eit minimum omfatte

- komponentar som er uttrykkeleg regulert gjennom grenseverdiar i løyvet eller forskrifter
- andre komponentar som er omfatta av rapporteringsplikta i samsvar med Miljødirektoratet sin rettleiar til verksemda sin eigenrapportering. Rettleiaren er lagt ut på www.miljodirektoratet.no.

Verksemda skal ha eit måleprogram som inngår i verksemda sin dokumenterte internkontroll.

2.2 Måleprogram

Når verksemda utarbeider måleprogrammet, skal de:

- velje prøvetakingsfrekvensar som gjev representative prøver
- vurdere usikkerheitsbidraga ved dei ulike trinna i målingane (prøvetaking – analyse – utrekning) og velje løysingar som reduserer den totale usikkerheita til eit akseptabelt nivå

8.3 Kvalitetssikring av målingane

Verksemda er ansvarleg for at metodar og utføringar er forsvarleg kvalitetssikra mellom anna ved å

- utføre målingane etter Norsk Standard. Dersom det ikkje finst, kan internasjonal eller utanlandsk standard brukast. Fylkesmannen kan vidare godta at annan metode brukast dersom særlege omsyn tilseier det

⁶ Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining

- bruke akkrediterte laboratorium/tenester når prøvetaking og analyse blir utført av eksterne. Tenesteytar skal vere akkreditert for den aktuelle tenesta

8.4 Rapportering til Fylkesmannen

Verksemda skal rapportere frå førre år til Fylkesmannen innan 1. mars kvart år.

Fylkesmannen kan be om at standard rapporteringsskjema blir brukt. Rapporten skal minst innehalde følgjande opplysningar:

- Oppsummering av avfallsmengder og -typar inn og ut av anlegget, og kvar avfallet er levert vidare
- Lagerstatus ved starten (1. januar) og slutten av året (31. desember)
- Omfang av innslag av ulovlege fraksjonar i avfallet, handtering av dette, og utgreiing av førebyggjande tiltak og informasjonstiltak
- Avvik innan ytre miljø og gjennomførte tiltak
- Utgreiing av status for utslepp og påverknad av nærmiljø vurdert opp mot krava i løyvet
- Oppsummering av status for internkontrollen, inkludert ei vurdering om verksemda har heldt krava i løyvet og om verksemda fører til miljøulempar som bør utbetrast

9 Utskifting av utstyr

Viss verksemda skal gjere utskifting av utstyr i verksemda som gjer det teknisk mogleg å motverke forureining på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gjeve, skal Fylkesmannen på førehand få melding om dette.

Ved all utskifting av utstyr skal verksemda nytte dei beste tilgjengelege teknikkane for å motverke forureining.

10 Eigarskifte

Viss verksemda blir overdratt til ny eigar, skal verksemda sende melding til Fylkesmannen så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

11 Nedlegging

Dersom eit anlegg blir nedlagt eller ei verksemd stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Viss anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda i rimelig tid på førehand gje melding til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke forureining. Fylkesmannen kan påleggje eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørgje for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall blir tatt hand om på forsvarleg måte, under dette at

farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift⁷. Dei tiltaka som blir sette i verk ved slike høve, skal verksemda rapportere til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalrestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sørge for at driftsstadene blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand igjen.

Viss verksemda ønskjer å starte drifta på nytt, skal verksemda gje melding til Fylkesmannen i god tid før start er planlagt.

12 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta eller dei som har mynde, føre tilsyn med anlegget til ei kvar tid.

⁷ Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall

VEDLEGG 1**Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1.**

Utslepp av desse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram uttrykkeleg av vilkåra i løyvet eller dei er så små at utsleppet av desse ikkje har noko å seie for miljøet.

Metaller og metallforbindelser:

	Forkortelser
Arsen og arsenforbindelser	As og As-forbindelser
Bly og blyforbindelser	Pb og Pb-forbindelser
Kadmium og kadmiumforbindelser	Cd og Cd-forbindelser
Krom og kromforbindelser	Cr og Cr-forbindelser
Kvikksølv og kvikksølvforbindelser	Hg og Hg-forbindelser

Organiske forbindelser:

Bromerte flammehemmere	Vanlige forkortelser
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske forbindelser

Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C ₁₀ - C ₁₃ (kloralkaner C ₁₀ - C ₁₃)	SCCP
Mellomkjedete klorparafiner C ₁₄ - C ₁₇ (kloralkaner C ₁₄ - C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Triklloreten	TRI
Trikloran (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Enkelte tensider

Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromuskforbindelser

Muskxylen	
-----------	--

Alkylfenoler og alkylfenoletoksylder

Nonylfenol og nonylfenoletoksylder	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksylder	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenoler (forgrenet og rettkjedet)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP

Dodecylfenol m. isomerer	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylforbindelser (PFAS)

Perfluoroktansulfonsyre (PFOS), inkl. salter av PFOS og relaterte forbindelser	PFOS, PFOS-relaterte forbindelser
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS), inkl. salter av PFHxS og relaterte forbindelse	PFHxS, PFHxS-relaterte forbindelser
Perfluorobutansulfonsyre (PFBS), inkl. salter av PFBS og relaterte forbindelser	PFBS, PFBS-relaterte forbindelser
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjedete perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske forbindelser

Tributyltinnforbindelser	TBT
Trifenyltinnforbindelser	TFT, TPT
Dibutyltinnforbindelser	DBT
Dioktyltinnforbindelser	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarboner

PAH

Ftalater

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP

Bisfenol A

BPA

Siloksaner

Dodekametylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

Benzotriazolbaserte UV-filtre

2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentyphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350

VEDLEGG 2

Definisjonar

I utgangspunktet gjeld alle definisjonar slik dei er nedfelt i det norske regelverket. I tillegg til regelverket er også definisjonar nedfelt i Norsk Standard lagt til grunn.

I dei tilfelle kvar det i dette løyvet er brukt nemning eller uttrykk som ikkje er meir dekt av anna norsk regelverk/standardar gjeld følgjande definisjonar:

- Handtering: fellesnemning for mottak og gjenvinning under dette førebuing til og lagring i påvente av gjenvinning eller sluttbehandling
- Behandling: prosessar, under dette sortering, som endrar eigenskapane til avfallet med formål å redusere volum, fare, gjere det lettare å handtere eller enklare å gjenvinne.
- Tett dekke: fast, ugjennomtrengelig og tilstrekkeleg slitesterkt dekke med oppsamlingsmoglegheit for alle dei material/avfallstypar som skal handterast på eller i same område som det tette dekket (vatn, væske, faste stoff og liknande). Tett dekke er normalt betong i dag
- Fast dekke: dekke som har ei hard overflate, til dømes asfalt. Ikkje grus og liknande
- Våtorganisk avfall: matavfall og avfall frå næringsmiddelindustri, som avfall frå produksjon av kjøt, fisk, meieriprodukt, øl og mineralvatn, frukt og grønt, og bakerverar
- Omlasting: All overføring/fysisk flytting av sortert avfall frå ei oppbevaringseining til meir tenleg oppbevaringseining, ofte frå ei mindre eining til ei større. Omlasting av avfall endrar ikkje samansetninga til avfallet eller eigenskapar
- Lagring: All oppbevaring av avfall før vidare handtering eller vidaretransport til anna godkjent mottak
- Usortert avfall: Avfall der innhaldet til alt eller delar av avfallet er ukjent og der avfallet ikkje har gjennomgått ei avsluttande behandling
- Sortert avfall: Avfall der innhaldet til alle fraksjonane er kjent. Sortert avfall blir også kjenneteikna ved at samansetninga er utprega homogen, det vil seie er samansett av like material/materialtypar